

## Muntjac og Kinesisk vannrådyr

Jakta på disse artane arrangerer eg i samband min partner som jobbar som gamekeeper på fleire revir rundt Norfolk. Desse revira har ein samla storleik på over 8000 hektar, alle revir har ein høg bestand av Muntjac og ein god bestand av kinesisk vannrådyr. Jakta vil i hovudsak være smygjakt, i enkelte tilfelle nyttar ein seg av dei mange jakttårna.

Sesongen er året rundt på Muntjac, Kinesisk vannrådyr kan jaktast frå 1. november og ut mars. Februar og mars er beste tida, då Muntjacn likar seg godt i tett vegetasjon er jakta best i denne tida når vegetasjonen er utan lauv. Vannrådyra likar seg betre i opne landskapsområde som ein finn mykje av på desse revira. I februar vil både Muntjac og vannrådyra ha vinterpels, dette vil gje eit pent resultat ved eventuell utstopping.

Vi kan og arrangere reguleringsjakt på desse revira. Reguleringsjakta vil konsentrere seg om Muntjac og rådyr, er mogleg å felle trofé av Muntjac/Kinesisk vannrådyr om moglegheitene skulle oppstå for trofeavgift.

Når det gjelder våpen, er det inklusiv leige av rifler med kvalitetsoptikk og lyddempar(Sako 75/85/Browning X-bolt med swarovski z6i). Er mogleg å ta med eige våpen, men dette må søkjast om i god tid før avreise.

Når det gjelder sjølve reisa, flyr du til London Stansted. Frå Stansted går det tog minst ein gong i timen vidare til Norwich jernbanestasjon (reisetid ca 1 time og 50 min), der min samarbeidspartner vil ta deg/dykk imot. Evt. kan eg orden taxi direkte frå Stanstead til innkvarteringa.

Jakta arrangerast for inntil 3 jegerar samtidig. Eg anbefalar 3 dagar med jakt(6 økter) for å sikre seg gode eksemplar av begge artar.

### Prisoversikt per jeger:

- Per jaktøkt inklusiv køyring, guide, leige av våpen og ammunisjon -160£
- Per jaktøkt med reguleringsjakt inklusiv køyring, guide, leige av våpen, ammunisjon og alle fellingar av ikkje trofébærande Muntjac og rådyr -190£
- Reingjering og bleiking av skalle-50£ per stk.
- Skuldermontasje ca-550£ per stk.
- Flåing av trofé for skuldermontasje-inkludert
- Transport frå/til revir-Norwich jernbanestasjon-inkludert
- Kost og losji- Mange ulike moglegheiter, alt frå heilt standard B&B frå omkring 70/80£ per natt inklusiv frukost, til finare hotell med alt inklusivt. Avtalast etter dine ynskjer.
- Taxi/Tog frå Stanstead til revir-på førespurnad



**Troféavgifter:** betalast kontant direkte til gamekeeper ved jaktas slutt.

Ved skadeskyting og ikkje funne vilt, vil troféavgift måtte betalast.

Muntjac

- Representativ-220£
- Medalje-450£

Kinesisk vannrådyr

- Hodyr/ikkje medalje-270£
- Medalje-650£



post@reliajaktreiser.no  
reliajaktreiser.no  
Mob: + 47 95205880

